

|        |        |                    |                                                                                  |                                                                                                               |
|--------|--------|--------------------|----------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Skule: | Trinn: | Elevnummer<br>r609 | Kjønn:<br>jente <input checked="" type="checkbox"/> gut <input type="checkbox"/> | Det første<br>språket du<br>lærte:<br>norsk <input checked="" type="checkbox"/> anna <input type="checkbox"/> |
|--------|--------|--------------------|----------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

Oppgave: Beskriv ein episode frå juleferien du hugsar spesielt godt ( kan vere noko du var med på, ein plass du var, eller nokon du møtte).

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Nyttårsafta                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| Det var nyttårsafta! Eg stod opp tidleg fordi vi skulle til Breim og feire. Eg stod opp og det var masse og gjere. Eg måtte dusje, stelle meg, hjelpe lillebroren min og lillesøstra mi og stelle seg, ete og pakke tinga eg skulle ha med meg.                                                   |
| Då vi endeleg hadde fått alt på stell var det på tide og kjøre. Eg måtte sitte bak med lillebroren min. Vi har lite bagasjerom og hundebåret som hunden var inn i, gjør sånn at setet bøye seg fram. Det tar ca. tre kvarter og kjøre til Breim så då vi kom fram hadde eg veldig vondt i ryggen. |

Eg hadde

Eg hadde savna søsken barna mine veldig, eller dei er ikkje heilt søskenbarn då, eg har skilte foreldre. Dei er i vert fall tanteongane til kjeresten til pappa.

Eg hadde ikkje sett dei på lenge så eg gjedde dei ein klem. "Søskenbarna" mine er ein gut på 10 og ei jente på 12.

Etter vi hadde ete gjekk vi julebulck. Den ca. 12 dora vi ringte på til sto det ein lapp før vi fekk sett den ringte lillebroren min på det var ikkje bra før på lappen sto det pelt dokke vekk. Så kom dama ut og sa akkurat det same som stod på lappen. Etter masse gåing følte vi at vi hadde nok snop.

Vi kom til bakke til huset. Då spiste vi dessert og så var det rett ut og skyte raketter. Ògså var det 2013. Eg og det eine søskenbarnet mitt (Jenta) såg ein film og så la vi oss.